

PLANSKILDRING

Endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk


Planid: 1160-11-12

Gnr: 95 Bnr: 2,6 m.fl. VINDAFJORD KOMMUNE

Dato/revisjon: 21.12.2022/08.02.2023

Forfatter: Omega 365 Areal AS v/ES

Oppdragsgjevar: Mowi ASA



TITTEL		
Endring av detaljregulering for Vågafossen settefisk		
VÅGAFOSSEN – Vindafjord kommune		
PLANID	DATO	REV - DATO
1160-11-12	21.12.2022	08.02.2023
PROSJEKTNUMMER	VERSJON	
#106631	2	
OPPDRAGSGJEVAR	OPPDRAGSGJEVAR'S REFERANSE	
Mowi ASA	Reidar Våge	
UTFØRT AV	SIGN	
Elisabeth Silde	ES	
KONTROLLERT AV	SIGN	
Kjerstina Særsten	KS	
EKSTRAKT		
21.12.2022 Innsending av planforslag til Vindafjord kommune.		
08.02.2023 Mindre revidering etter sakshandsaming i kommunen før 1.gongshandsaming.		

Innhald

1	SAMANDRAG	5
2	BAKGRUNN	6
2.1	FØREMÅLET MED PLANEN.....	6
2.2	FORSLAGSSTILLAR, PLANKONSULENT, EIGARTILHØVE.....	6
2.3	KRAV OM KONSEKVENSGREIING?.....	6
3	PLANPROSESSEN	7
3.1	MEDVERKANDE PROSESSAR OG VARSEL OM OPPSTART.....	7
4	PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR	8
4.1	OVERORDNA PLANAR.....	8
4.2	GJELDANDE REGULERINGSPLANAR.....	8
4.3	TEMAPLANAR.....	11
5	SKILDING AV PLANOMRÅDET	11
5.1	PLASSERING AV OMRÅDE.....	11
5.2	AREALBRUK I DAG OG TILGRENSANDE AREALBRUK.....	12
5.3	STADKARAKTER.....	13
5.4	LANDSKAP.....	14
5.5	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....	15
5.6	NATURVERDIAR.....	15
5.7	REKREASJONSVERDI/REKREASJONSBRUK, UTEOMRÅDE.....	17
5.8	LANDBRUK.....	19
5.9	TRAFIKKTILHØVE.....	20
5.10	BORN SINE INTERESSER.....	21
5.11	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	21
5.12	GRUNNTILHØVE.....	21
5.13	STØYTILHØVE.....	21
5.14	NÆRING.....	22
5.15	ANALYSAR / UTGREIINGAR.....	22

6	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	23
6.1	PLANLAGT AREALBRUK	23
6.2	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	23
6.3	PLASSERING AV BYGNINGAR OG UTFORMING	24
6.4	PARKERING	26
6.5	TILKNYTING TIL INFRASTRUKTUR	26
6.6	TRAFIKKLØYSING	26
6.7	PLANLAGDE OFFENTLEGE ANLEGG	27
6.8	MILJØOPPFØLGING	27
6.9	UNIVERSELL UTFORMING	28
6.10	LANDBRUKSFAGLEGE VURDERINGAR	28
6.11	NATURMANGFALD	29
6.12	KOLLEKTIVTILBOD	29
6.13	KULTURMINNE	29
6.14	PLAN FOR VASS- OG AVLAUP SAMT TILKNYTING TIL OFFENTLEG NETT	29
6.15	PLAN FOR AVFALLSHENTING	30
6.16	REKKJEFØLGEKRAV	30
7	KONSEKVENSGREIING	31
7.1	VURDERING AV OM PLANEN ER OMFATTA AV FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING	31
8	ROS ANALYSE	33
9	VERKNADAR / KONSEKVENSGAR AV PLANFORSLAGET	35
10	INNKOMNE MERKNADAR	37
10.1	SAMANDRAG FRÅ INNKOMNE MERKNADER MED VÅRE KOMMENTARAR	37
11	AVSLUTTANDE KOMMENTAR	40
12	VEDLEGG	40

1 Samandrag

Tiltakshavar/utbygger, Mowi ASA, har engasjert Omega 365 Areal AS til å utarbeide endring/utviding av detaljregulering for Vågafossen settefisk. Mowi ASA ønsker å utvide sitt anlegg, og treng i samband med dette meir areal for å få plass til naudsynte bygningar. Arealet som skal utvidast til akvakultur inngår i reguleringsplan som friluftsområde i gjeldande reguleringsplan for Hyttebø. Friluftsområdet er i dag lite nytta, men delar av vegen ned i aust er nytta av hyttefolket for å kome seg ned til sjø, det er difor planlagt ein tilrettelagt ny sti ned til sjø i aust.

Ved å utvide anlegget ved Vågafossen kan fisken vekse seg større i lukka anlegg, og fisken vil då vere større og meir motstandsdyktig når den kjem ut i sjø. Dette kan vere med på å betre utfordringane knytt til sjukdom og lus ved opphald i sjø. Anlegget på land er bygd med nyaste teknologi som utnyttar vatn ved å resirkulera vatnet, RAS-teknologi.

Ved utvidinga av anlegget vil det verte eit masseoverskot, og desse massane er tenkt å kunne nyttast til å laga eit betre kryss til Saudavegen, og for å gjere tilkomstveg og beiter noko betre. Det er difor teke med i planen eit areal oppe ved hovudvegen.



Flyfoto med dagens anlegg under oppføring.

Kjelde: kommunekart.com

2 Bakgrunn

Det har vore produsert settefisk i anlegget ved Vågafossen i mange år, men anlegget er nyleg modernisert med ny RAS-teknologi med nye bygningar som nettopp er ferdige. Mowi ASA som driv anlegget ser nå at dei med fordel kan auka produksjonen ytterlegare, med å erstatte bygningane og kummane som står aust på tomte med nye bygningar tilsvarande det som nyleg er utbygd. Med nyare teknologi som er i dei nye bygningane kan ein nytta vatnet betre, slik at ein kan ha ein større produksjon ved at ein resirkulerer vatnet.

Ved planlegging for utviding, så ser Mowi ASA at det regulerte området i aust vert for lite til å få på plass bygningar og manøvreringsareal som må til. På bakgrunn av dette vert det difor fremja ei endring av reguleringsplanen med utviding av areal i nord og nordaust. Dette arealet er frå før regulert til friluftsområde.

Arealet oppe ved hovudvegen er teke med for å få ei god lokal utnytting av masseoverskot, med at krysset, vegen og beite vert betre.

2.1 Føremålet med planen

Føremålet med planen er å opne for utviding av området med akvakultur slik at eksisterande anlegg kan utviklast vidare med riving av eldre bygningsmasse og oppføring av nye produksjonsbygningar.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Forslagsstillar er Mowi ASA, og dei har bede Omega 365 Areal AS om å utarbeide planforslag. Det er fleire grunneigarar innanfor område, men utvidinga er stort sett på Tomas Finnvik sin eigedom. Området oppe ved vegen omfattar også Gunleiv Nybru sin eigedom. Mowi ASA har hatt dialog med begge desse grunneigarane, og det er også halde møte med hytteeigarar i området.

2.3 Krav om konsekvensutgreiing?

I samråd med Vindafjord kommune er det konkludert med at planen ikkje fell inn under krav til konsekvensutgreiing, då det er snakk om ei mindre utviding av området, og endringa ikkje fell inn under oppfangskriteria. Nærare utgreiing kring kvifor planarbeidet ikkje er omfatta av KU går fram av planinitiativ punkt k).

3 Planprosessen

3.1 Medverkande prosessar og varsel om oppstart

Oppstartmøte med kommunen vart halde 12.05.2022. Før dette møte hadde Mowi ASA saman med plankonsulent informasjonsmøte med grunneigarar og hytteeigarar i området, der dei fekk kome med innspel tidleg i prosessen. Det er laga referat frå dette møtet.

Omega 365 Areal AS varsla i tråd med plan- og bygningslova § 12-8 oppstart av planarbeidet med brev og kunngjering på nett 31.05.2022. Oppstart av planarbeidet vart annonsert i avisa Grannar 02.06.2022. Frist for innspel vart sett til 24.06.2022.

Alle innspel til varslinga ligg vedlagt, og dei er oppsummerte og kommenterte i kapittel 9 i dette dokumentet.

Varsel om oppstart av detaljregulering for utviding av akvakulturanlegg ved Vågafossen - Vindafjord kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova vil me med dette informere om at Omega 365 Areal på vegne av Mowi ASA skal utarbeide forslag til endring av detaljregulering for utviding av akvakulturområde ved Vågafossen (Område 1) og detaljregulering for omlegging av veg med massedepони/landbruksområde ved avkøyringa til Fv46, Saudavegen (Område 2). Varsel om oppstart med meir informasjon vert lagt ut på nettsida til Vindafjord kommune.



Området er av Vindafjord kommune vurdert til å ikkje utløyse krav til konsekvensutgreiing (KU) då tiltaket ikkje er av eit slikt omfang som løyser ut krav om konsekvensutgreiing etter §6.

For nærmare informasjon kan du kontakte Omega 365 Areal AS på telefon 975 40 000.

Eventuelle merknadar/innspel til oppstart av planarbeidet kan sendast til:

Omega 365 Areal as,
 Kvassanesvegen 4,
 5582 Ølensvåg
 eller areal@omega.no
 innan **24.06.2022.**



omega

 365

Oppstartannonse i avisa Grannar 02.06.2022.

4 Planstatus og rammevilkår

4.1 Overordna planar


I kommuneplanen sin arealdel ligg utvidingsområde som omsynssone der reguleringsplan framleis skal gjelda. Det er sendt inn innspel på utvidinga til kommuneplanprosessen som nå pågår. Området oppe ved hovudvegen er avsett som LNF-område.



Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029 Kjelde: kommunekart.com

4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Det er to gjeldande planar i området som nå skal regulerast.


1 Detaljregulering for Vågafossen settefisk

Utsnitt fra detaljregulering for Vågafossen settefisk.

Kjelde: GISLINE Webplan

Denne planen opnar for anlegget som er der i dag med vegen ned til område, men planen har litt for lite rom for utviding av anlegget. Områda langs sjø er tilstrekkelege og treng ikkje endrast.

2 Detaljregulering for Hyttebø.



Utsnitt frå detaljregulering for Hyttebø.

Kjelde: GISLINE Webplan

Denne planen inneheld regulering for ei bustadtomt, gardsbruk, hytter, naust med tilhøyrande areal.



Kart som syner med gult kor anlegget er plassert i regionen.

Kjelde: norgeskart.no

5.2 Arealbruk i dag og tilgrensande arealbruk

Området som skal utvidast ved akvakulturanlegget er i dag nytta til ein intern veg som er bygd av Mowi, og største delen av området er avsett som friluftsområde, som ikkje er opparbeidd. Området ovanfor er utbygd med fleire hytter. Det ligg eit felles kloakkanlegg innanfor området, og dette må takast omsyn til og flyttast ved vidare utbygging. Det er gitt tilbakemelding frå hytteeigarar om at dei nyttar eit område ved sjø aust for planområdet, og det er viktig med tilkomst til dette.

Når det gjeld området oppe ved vegen, så er dette området i dag nytta som beite og tilkomstveg for både gardsbruka, hus, hyttene og akvakulturanlegget. Tilgrensande areal er her nytta til landbruksføremål, og hovudvegen fv 46 grensar mot området.

5.3 Stadkarakter

Områda ber preg av aktivt landbruk i nordre delen av området, medan området lengre ned mot sjø består av hytteutbygging. Området med hytter ligg eit stykke opp frå sjø, og hyttene ligg fint til med mykje vegetasjon og trær rundt hyttene. Når det gjeld området heilt ned til sjøen, så ligg settefiskanlegget i dette området, og området er utbygd med kaier og bygningar i samband med denne bruken.



Skråfoto av anlegget slik det framstår i dag.

Kjelde: Mowi ASA


5.4 Landskap

Området oppe ved vegen er kupert, og terrenget går bratt ned frå fv 46. Områda ved vegen består av beiteområder. Aust for den interne vegen ned til anlegget er det dyrka mark på deler av strekket. Lenger ned mot sjø er terrenget meir prega av skog og spreidd hytteutbygging på høgda ovanfor sjø. Terrenget heller bratt ned frå hytteområdet og til settefiskanlegget. Det ligg ei høg skjering i fjellet bak bygningane ved sjø, men denne skjeringa synes i mindre grad, då bygningane dekkjer mykje av utsikten frå sjø. Områda ved sjø lengre vest og aust for planområdet består av i stor grad ubygde områder med få inngrep.



Foto som syner eksisterande skjeringskant med sikring.

Foto: Omega 365 Areal AS





Ortofoto som syner områda. Bileta er tatt under bygging av bygning B. Kjelde: kommunekart.com

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Me er ikkje kjend med at det ligg kulturminne innanfor områda som skal regulerast. Næraste registrerte kulturminne i Riksantikvaren sin kartbase Askeladden er eit gravfelt som ligg i tilknytning til tunet på gnr/bnr 95/2. Dette kulturminnet er registrert og regulert i detaljplanen for Hyttebø.

5.6 Naturverdiar

Det er ikkje registrert rødlista artar i planområda i Artsdatabanken, men det er gjort registrering av gulspurv, granmeis og gråmåke som er rødlisteartar, sårbare(VU) ved vegen ned til hytteområdet og settefiskanlegget. Det er elles registrert eit rikt fugleliv med fleire livskraftige fugleartar i området.

Det er registrert marin naturtype større tareskogforekomst langs sjøen i området. Denne blei nærare vurdert i samband med forrige endring av reguleringsplanen ved planlegginga for bygging av kaien. Det er elles registrert fleire artar i sjø, men ikkje raudlisteartar. Konklusjonen frå sist planprosess var at kaiområdet kunne byggjast ut til tross for desse registreringane.

Området som skal sprengast ut, består av noko lågare vegetasjon med innslag av lyng og elles er det mest krattskog som er kome nyleg opp i området. Hytta i bildet vil bli liggande, og er eigd av Mowi ASA.



Område som vil takast i bruk til akvakulturanlegg.

Foto: Omega 365 Areal AS

Ved krysset mot fylkesvegen er terrenget noko ulendt med innslag av større steinar og krattskog, mens området lengre ned består av beiteområde. Det renn ein bekk gjennom området. Bekken går i dag i røyr under vegen til beite.

Rådgivende Biologer AS har gjennomført feltundersøkelser for å kartlegga naturverdiar i området, og dei har konkludert med at grøntområda innanfor planavgrensingane er utan spesielle naturverdiar og består av triviell vegetasjon. Naturen i planområda har i hovudsak verdi som habitat for artar som er vanlege i dette distriktet. Notatet er vedlagt planforslaget.






Områda med endra vegtrasè ved kryssområdet til fylkesvegen.

Foto: Omega 365 Areal AS

5.7 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde

I følge dei som bur og har hytter i området, så er områda som skal utvidast til settefiskanlegget ikkje nytta av dei eller ålmenta elles. Området som er nytta til bading og fising ligg litt aust for akvakulturområdet. Me har synfart området, og sett at det vil vere mogleg å legge om tilkomst/sti til desse områda. Under viser GPS-tråkk der det er mogleg å ta seg fram ved dei brattaste partia.



GPS-tråkk vist i kart med grøn linje.

Kjelde: Omega 365 Areal AS



Områda i aust som er nytta til fiskeing.

Foto: Omega 365 Areal AS

Områda som er mest nytta til rekreasjon er områda ved Vågavatnet, der det er badebrygger, badeleiker og leikeplass for born.



Område ved Vågavatnet.

Foto: Omega 365 Areal AS

5.8 Landbruk

Det vert ikkje drive aktivt landbruk på arealet nede ved sjø, men områda oppe ved hovudvegen er nytta til beiteområde for gardane. Det går ein landbruksveg inn til beiteområda i vest.



Beiteområda i vest, med bekk gjennom området.

Foto: Omega 365 Areal AS

5.9 Trafikktilhøve

Tilkomst til området for Mowi er både via vegen ned til området, men mykje av trafikken går via sjøvegen. Utvidinga av anlegget som no vert planlagt vil berre føre med seg ein liten auke i trafikken på vegen ned til området, då utvidinga stort sett handlar om at fisken skal vekse seg større i anlegget før den vert frakta vidare til sjø med båt. Utvidinga vil medføre nokre fleire tilsette, men det vil ikkje bli ei stor auke i forhold til i dag. Avkøyringa frå fylkesvegen ligg på eit rettstrekk, og det er difor god sikt i området. For store køyretøy kan den interne vegen vere litt utfordrande ved avkøyringa, då den går i ein skarp kurve like etter avkøyringa. Vegen ned til området er oppgradert i samband med utbygginga som nyleg er gjennomført.

Delar av vegen ned til anlegget er eigd av kommunen, men det er planar for at brukarar av vegen skal overta vegen.

Tilsette ved anlegget nyttar stort sett bil for å kome seg til arbeidsstad, då det er dårleg utbygd med både buss, gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

Det er registrert 3 trafikkulykker langs fv 46 i området, men ikkje i samband med avkøyringa ned til Vågafossen. Det er registrert ei utforkøyring i 1982, ei ulykke med traktor og bil ved avkøyringa lenger aust i 1979, og ei møteulykke lenger aust i 2014.

ÅDT for fylkesvegen er oppgitt til 1038 med 16% del lange køyretøy i 2021. Det er ikkje tal for ÅDT ned til anlegget, men denne er låg, då vegen stort sett er nytta av tilsette, hyttefolk og noko varetransport til anlegget.

5.10 Born sine interesser

Det er ikkje kjend at born har interesser i området, utover at dei også kan nytta nokre av områda til rekreasjon ved opphald på hyttene. Ved synfaring kan det sjå ut for at det er områda oppe ved Vågavatnet som er mest nytta av born.

5.11 Teknisk infrastruktur

Det er private felles ordningar for vatn og avløp. Det er bora etter vatn til hyttene, og det vil vere viktig å ta omsyn til dette ved vidare sprengingsarbeid. Ein felles avløpstank må flyttast ved vidare utbygging. Denne ligg i dag langs vegen ned til anlegget med vidare avløp til sjø.

Ved førre utbygging vart vassinntak og slamanlegg for fiskeproduksjonen oppgradert. Ferskvatnet vert henta frå eksisterande oppgradert vassuttak i Nedre Vågavatnet. Det ligg i tillegg ein del røyr ut i sjø frå anlegget. Det vert nytta sjøvatn til varmepumpe for å halde rett temperatur i kara til fisken.

Det er god tilgong på vatn i området, og det er laga fleire sløkkevassuttak ved førre utbygging. Vidare utbygging må sjå nærare på om det må settast inn fleire sløkkevassuttak.

Straumforsyning vert nærare avklart med straumselskap. Ved eit anlegg som dette er ein avhengig av straum heile tida, og det er difor eige naudstraumsaggregat på anlegget. Det er også eigne transformator kioskar i tilknytning til anlegget. Det må byggast ny trafostasjon i samband med utvidinga.

5.12 Grunntilhøve

Det er stort sett fast fjell i utvidingsområdet, og ein er godt kjend med tilhøva etter sist utbygging. Det er ikkje registrert rasfare i byggeområda. I NVE sine aktsemdområdekart er det registrert ras- og skredfare oppe ved avkøyringa til fylkesvegen, men her skal ikkje oppførast bygningar.

I området ved avkøyringa må det takast omsyn til nokre mindre bekkar ved omlegging av vegen, området består elles av mykje bart fjell i dagen.

5.13 Støytilhøve

Anlegget støyar noko, men det meste av støyen i dag vert generert i bygga som skal rivast ved nybygging. Utvidinga med innbygging av kara i bygningar vil føra til mindre støy enn med dagens situasjon. I samband med vidare planlegging vil ein viktig del av planlegginga vere vurderingar kring gjeldande lovverk og forskrifter. Dette gjeld mellom anna maksimale støykrav i forhold til naboar i samsvar med TEK17 og t-1442. Det ligg også krav i forhold til lukt- og støy i utsleppsløyve.

5.14 Næring

Det vert drive akvakulturnæring på staden, dagens område er stort sett utbygd med kai, bygningar og kar for fisk. Vågafossen settefiskanlegg er nå eit moderne utbygd settefiskanlegg, og det er eit av satsingsområda for vidare utvikling frå Mowi ASA. Anlegget vert drive godt, og har fleire viktige lokale arbeidsplassar, då det er få andre arbeidsplassar i dette området. Anlegget har i dag 13 tilsette.

5.15 Analysar / utgreiingar

Det er tidlegare utført kartleggingar av Rådgivende Biologer AS i samband med tidlegare reguleringsplan og i samband med utsleppssøknadar. Rådgivende Biologer AS har også laga notat når det gjeld naturkartlegging. Akvakultursøknad er innsendt i haust.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Planforslaget opnar for eit større areal til føremål akvakultur på land. I området oppe ved vegen, skal vegen leggst noko om for å betre kryss mot Saudavegen, resten av arealet vil tilbakeførast til beite etter at det er lagt ut overskotsmassar. Det er utarbeidd skisser for korleis nye bygningar kan bli liggjande på arealet, men dette vert meir detaljprosjektert fram mot byggesøknad.

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

Under er eit samandrag av reguleringsføremål med storleik på områda.


<i>Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Køyreveg,	Tilkomstveg til Mowi m.fl.	9,540
Annan veggrunn – tekniske anlegg	Fylling-/skråningsutslag og grøfter langs vegtrasear.	7,181
<i>Landbruks,- natur- og friluftsføremål (PBL § 12-5 nr. 4)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Landbruksføremål	Beiteområde	24,179
Friluftsføremål	Områda mellom akvakulturanlegg og hyttefelt	2,092
<i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5 nr. 5)</i>		<i>Sum (daa)</i>
Ferdsel	Ferdselsområde i sjø	11,199
Akvakultur	Område for akvakulturanlegg med tilhøyrande anlegg, kaier og trase for inntaksrør for ferskvatn.	21,519
Friluftsområde i sjø og vassdrag	Ny trasé for bekk	0,436
Total sum		76,146

<i>Omsynssoner (PBL § 12-6)</i>	
Omsynssone frisikt, H140	Frisiktsonar langs vegar
Omsynssone Ras- og skredfare, H310	Aktsemdsonar fastsett av NVE
<i>Føresegnsområder (PBL § 12-7)</i>	
Føresegnsområde, #	Areal ved kaien med høgdeavgrensingar, mellombels anleggsbelte med massedeponi ved vegomlegging

6.3 Plassering av bygninger og utforming

Bygninger og kaifront skal plasserast på same nivå som dei andre nye bygningane og kaiene på området. Byggjegrensa ligg i føremålsgrensa langs sjø som eksisterande plan opnar for. Det er ikkje tenkt oppført større bygningar heilt ut til kaikanten, men planen opnar for nokre bygningar med avgrensa høgde på kaiarealet, og førsiloar og liknande med større høgde. Det er også opna for at førsiloar og liknande anlegg kan førast opp på kaiareala, då desse anlegga må ligge i nær tilknytning til der leveransane med båt kjem inn. Under syner nokre illustrasjonar med førebelse planlagde nye bygningar.

Detaljar som syner endeleg plassering og storleik til bygningar, oksygentankar, førsiloar, parkeringsplassar, manøvreringsareal osv. vil verta nærare avklart i samband med prosjektering og byggesøknad for bygningar.



Førebels skisse til ny bygning.

Kjelde: Omega 365 Areal AS



Fotoillustrasjon ny bygning på utvida areal.

Kjelde: Omega 365 Areal AS

6.3.1 Høgder for busetnaden

Nye bygningar vert tillate med same høgder som eksisterande plan, men det er opna for at det kan oppførast høgare forsiloar og liknande ved kaiområda. Desse forsiloane må ligge tett på der båtane kjem inn med fôr, då fôr vert levert direkte frå «matearm» i båt. Førebels prosjektering av nye bygningar viser at dei nye bygningane er ein del lågare enn kva føresegnene opnar for. Bygningar ligg i dag på kote +4, medan kai ligg litt lågare for å få avrenning mot sjø. Det vil vidareførast fjellskjering, og denne vil delvis bli dekkja av bygningane, men skjeringa vert truleg noko høgare enn bygningane på staden. Hyttene i området vil ligge med utsikt over akvakulturanlegget, og nye bygningar vil ikkje vere til hinder for denne utsikta.

6.3.2 Grad av utnytting (vegleiar)

Akvakulturområdet kan nyttast fullt ut til bygningar, anlegg, kai, parkeringsareal og manøvreringsareal. Tillate bebygd areal (BYA) er sett til 80%, og kaiar, vegar og manøvreringsareal vert ikkje rekna med i BYA.

6.3.3 Sum arbeidsplassar, sum m² næringsareal

Området som er avsett til utbygging av settefiskanlegget er i reguleringsplanen vidareført med føremål for akvakulturanlegg. Sjølv utvidinga av arealet til akvakulturføremål er på 4463 m². Totalt areal til akvakultur er då 21519 m². Arealet avsett til dette føremålet er tenkt nytta til produksjonsbygningar,

administrasjonsbygg, vaktbustader, lager, kaiar, oksygen- og førsiloar og andre anleggsbygningar tilknytt føremålet.

Talet på tilsette i dag er 13 stk, og det er tenkt at ved vidare utbygging, så vil dette talet aukast til ca. 20 stk. Alle tilsette vil ikkje vere på arbeid samstundes, då det vil føregå ein del skiftarbeid og vaktarbeid. Slik situasjonen er i dag, bur nokre av dei tilsette i Mowi ASA si hytte ovanfor anlegget ved nattevakt, men ved vidare utbygging vil det vurderast om det skal byggjast ein form for vakthyblar til dei tilsette på vakt. Det er for stor avstand frå husa til dei fleste tilsette til at dei kan bu i eigen heim ved vakt.

6.4 Parkering

Parkering vil vere innanfor området avsett til akvakultur, AKV. Det er sett krav til at parkeringsareal skal visast på situasjonsplan ved søknad. Alle tilsette ved anlegget vil ikkje vere på arbeid til same tid, då det vil vere noko skiftarbeid og nattevakter. Det er ikkje sett konkrete krav til parkering i føresegnene, då det er tenkt at dette kan takast stilling til ved byggesøknad.

6.5 Tilknytting til infrastruktur

Det vil ikkje vere store endringar på dette utover at det vert søkt om utvida utslepp til sjø for større produksjon, dette går som ein eigen utsleppssøknad. Det er oppretta kontakt med kraftleverandør i samband med trong for noko utvida kapasitet for straum, og det er gitt gode signal for at dette vil vere mogleg. Det må byggjast ny transformatorstasjon innanfor området. Det kan også vere aktuelt å byte ut, å legge nokre fleire leidningar i sjø, mellom anna for vatn til varmepumper.

Det må gjerast ei endring i plassering av slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø frå delar av hytteområdet. Det er difor sett rekkefølgekrav i føresegnene til at nytt avløpsanlegg må vere godkjent lagt om før området med eksisterande avløpsanlegg vert utbygd.

6.6 Trafikkløysing

Sjølve kryssområdet til fylkesvegen vil vere på same plass som i dag, men utkøyringa vil oppgraderast til å vere i samsvar med krav frå vegeigar/vegmynde. Horisontal- og vertikalkurvaturen vert retta opp, og frisktsonar vert sikra og rydda. Veggen går i dag i krapp sving like etter krysset, noko som ikkje er tilfredsstillande etter handboka N100. Veggen er difor lagt om til eit rettare strekk til den treff eksisterande veg. Løysinga med ombygging vil gje betre trafikksikkerheit ved krysset mot fylkesvegen. Det vil utover dette ikkje vere endringar i høve tidlegare regulerte veg til anlegget og hytteområdet. Det vert noko meir trafikk på veggen, men nybygga vil generere lite tilleggstransport på vegane, då det meste av meirtransporten vil vere med båt sjøvegen.

Det vil bli noko meir personbiltrafikk med tanke på fleire tilsette. Auke i transport utanom dette vil stort sett vere lastebilar med oksygen (det er pr i dag ikkje løysing for å frakte dette med båt) og transport bort av slam. Slik vi vurderer det vil det likevel ikkje medføre betydeleg auke i årsdøgntrafikken (ÅDT).

Omlegginga av veggen og krysset vil vere ein stor fordel for all trafikken som går på denne veggen i dag, og samstundes får ein nytta overskotsmassar frå tomteopparbeiding lokalt på ein god måte. Med dei jamne fyllingane langs veggen vil det bli gode beiteområde for etterbruk.

I akvakulturanlegget ved sjø, er det planlagt slik at lastebil skal ha nok areal til å kunne snu nede på anlegget.

6.6.1 Utforming av vegar

Vegar er vidareført frå gjeldande reguleringsplan. Vegen ved kryssområdet er tatt med i planen og eksisterande veg er her lagt om å retta ut.

- Breidde på vegbane er sett til 5 meter med 0,5 m skulder på kvar side.
- Eksisterande veg ligg med eksisterande regulerte kurvatur og stigning, ny veg ved kryssområdet til fylkesvegen ligg med maks stigning på 6%.

6.6.2 Varelevering

Varelevering vil skje både på vegane, men mykje sjøvegen med båtar. Området er tenkt utbygd slik at større køyretøy kan manøvrere rundt bygningane inne i området avsett til akvakultur. Det er elles intern køyring med truck inne på Mowi sitt område.

6.6.3 Kai, sjøtransport

Dagens kai ligg på kote + 3 meter mot sjø. Endra plan har vidareført kaiareala frå gjeldande plan, og det er innanfor denne opna for at det kan byggast meir kai i nesten heile lengda. Det er ikkje avklart ennå om heile det avsette området vil bli utbygd med kai, men noko utviding er det truleg behov for, dette for å oppnå tilstrekkeleg manøvreringsareal og areal for førsiloar.

Transport av fisk produsert på anlegget vil skje via sjøvegen. Også fôr til fisken vil bli transportert sjøvegen. Det vil difor vere forskjellige typar båtar som vil legge til ved kaia. På fotoillustrasjonen i punkt 6.3 ovanfor, er det vist situasjon med båt til kai på anlegget. Det er viktig med tilstrekkeleg djupne, ca. 10 m, utanfor kai i ei lengde på ca. 100 meter for at alle båtar skal kunne legge til.

Planforslaget er ikkje endra i forhold til gjeldande plan når det gjeld kaiområda og ferdsel i sjø.

6.7 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt nye offentlege anlegg.

6.8 Miljøoppfølging

6.8.1 Massehandtering

Tiltaket fører til større uttak av fjellmassar for å klargjere tomteutviding. Det blir skjering i fjell for å kunne bygge på same nivå som eksisterande bygningar. Gjennom planforslaget er det vurdert løysingar for å kunne nytte mest mogleg av massane lokalt til forbetringstiltak. Det er difor planlagt omlegging av delar av vegen ned til området slik at mykje av massane kan nyttast til betre veg og betre beiteområde for

grunneigaren. Det er planlagt for mest mogleg massebalanse, men om det vert massar til overs, så skal desse fraktast til godkjente områder for å ta i mot massane. Per nå ser det ut for at det vil gå med om lag 48.000 m³ massar til vegen, og det er ved grovt estimat om lag det same som skal takast ut eller mogleg det vert litt massar til overs. Det har vore dialog med fleire aktørar som er interessert i eventuelle overskotsmassar til godkjende utbyggingsprosjekt. Fyllingsområdet langs vegen vil tilpassast i forhold til faktiske massar ved uttak.

6.8.2 Flytting av bekk

Ved deponering og omlegging av vegen vil det vere behov for omlegging av bekken gjennom området. Ved flytting av bekken, må det takast omsyn til avrenning, slik at bekken nedstraums ikkje vert tilslamma og forureina. Rådgjevande Biologar AS har synfart området, og dei har laga eit notat som gir nokre tilrådingar i forhold til flyttinga av bekken. Notatet ligg som vedlegg til planen.

6.8.3 Støy og lukt

Det er fleire støykjelder ved eit akvakulturanlegg, mellom anna pumper, vifter, diverse tekniske anlegg. I samband med bygging av nye bygningar vil desse støykjeldene verte innebygd i dei nye bygningane, soleis vil det verte ei betring av situasjonen i forhold til dagens drift i det «gamle» anlegget med opnare kar.

Vidare vil det vere støypåverknad frå båttrafikk og noko vegtrafikk.

I anleggsfasen vil det vere meir støyande verksemd, med mellom anna sprenging, handtering av massar og byggeverksemd. Det må takast omsyn til naboar i byggefasen.

Når det gjeld lukt, så kan dette førekomme sporadisk, men det skal ikkje vere særleg utvendige luktplager ved normal drift i denne type anlegg, då det meste går føre seg i lukka bygningar.

6.9 Universell utforming

Det vil vere mogleg å arbeide i «kontordelen» av eksisterande bygningar, men arbeidet sin art elles på anlegget medfører at tilsette her må vere stort sett funksjonsfriske. Det er heis i administrasjonsdelen i eksisterande bygning.

6.10 Landbruksfaglege vurderingar

Mykje av områda oppe ved fylkesvegen er i dag nytta til beiteområde. Planen legg opp til ei vidareføring og betring av beitetilhøva. Dette skal skje ved at jordmassar under arbeid skal takast vare på og leggst på massedeponia etter vegbygginga slik at større områder vert beiteområde. Det vil også vere ein fordel for gardsbruket med betre veg. Ut over dette vurderer me at planen har liten påverknad på landbruket i området.

6.11 Naturmangfald

Tiltaket vil føre til nedbygging av areal som samla sett vil ha negativ konsekvens for biologisk mangfald. Det utvida planområde ligg allereie i delvis påverka område. Generelt utgjer flora og fauna i område vanlege førekomstar av artar i distriktet, jf. notat frå naturkartlegging. Anleggsområda vil byggje ned areal og soleis ha negativ påverknad på eksisterande biologisk mangfald gjennom arealbeslag og omlegging av bekk. Ved akvakulturområdet vil eksisterande natur gå tapt, medan områda ved massedeponi kan revegeterast, og at eksisterande artar då kjem tilbake.

Når det gjeld områda i sjø, så har Rådgivende Biologer AS utarbeidd ei konsekvensutgreiing for marint naturmangfald og naturressursar. Det blei avgrensa fem delområde innanfor fagområdet naturmangfald og fire delområde med omsyn til naturressursar. I naturbase er det registrert ein førekomst av større tareskog med stor verdi, og to ålegrassamfunn med stor og middels verdi. Delar av Vindafjorden er naturtypen «spesielt dype fjordområder» med middels verdi. Øvrige naturområde innanfor influensområdet som ikkje allereie er påverka av tekniske inngrep, er av noko verdi. Fjordsystemet som Vindafjorden er del av, er funksjonsområde for sjøaure og er vurdert til middels verdi. Av naturressursar var det to gytefelt, eitt for torsk og eitt for torsk, hyse og lyr, begge er av middels verdi. Vidare var det ein fiskeplass for passive reiskap og ein låssettingsplass, som begge blei vurdert å vere av middels verdi.

For marint naturmangfald er påverknader frå tiltaket i hovudsak knytt til utslepp av oppløyst og finpartikulært organisk materiale frå drifta. Det er føreteke ei modellering for å sjå om ei auke i konsentrasjonar av næringssalter vil føra til ei endring av tilstanden i fjorden, og dette vil ikkje påverke vassførekomsten i sin heilskap. Likevel er det vurdert at fire av dei seks registrerte naturtypene kan oppleve noko negativ påverknad ved auka utslepp frå Vågafossen. Ein av dei registrerte ålegrasengene ligg i ein slik avstand frå tiltaket at det er vurdert at førekomsten vil vere upåverka av tiltaket. Den samla konsekvensen vert vurdert å vere noko negativ for naturmangfaldet i sjø. Dette er den mildaste grad av påverknad i Miljødirektoratet sin standard for konsekvensutgreiing.

For naturressursar er det vurdert at tiltaket ikkje vil ha nokon påverknad på funksjonen til gyteområder, fiskeplassen eller låssettingsplassen, og tiltaket er vurdert å medføre ubetydeleg konsekvens for naturressursar.

6.12 Kollektivtilbod

Det ligg busstopp like ved avkøyringa ned til anlegget, men det er få avgangar med buss forbi området. Det er også lang veg frå krysset og ned til sjølve anlegget, og det vil difor vere mest bruk av bil til og frå arbeid.

6.13 Kulturminne

Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområda.

6.14 Plan for vass- og avlaup samt tilknytting til offentleg nett

Det er ikkje planar for kommunale anlegg. Eksisterande private fellesanlegg vil nyttast vidare, men ein eksisterande avløpstank må flyttast på ved utbygginga. Det er sett rekkefølgekrav i forhold til dette anlegget.

6.15 Plan for avfallshenting

Det vil ikkje vere endringar som følgje av utvidinga. Ved sjølve fiskeproduksjonen vert det reststoff i form av slam, og dette vert henta på staden, og vert nytta til energiproduksjon. Krav i forhold til fiskeavfall og slam vert handsama som ein del av utsleppssøknaden.

6.16 Rekkefølgjekrav

Det er sett krav til at krysset/vegen ved fylkesvegen må vere opparbeidd i samsvar med plankartet og gjeldande krav før det vert gjeve bruksløyve til nye bygningar. Krysset må godkjennast av vegmynde for fylkesvegen.

Det er sett krav til at før det vert gjeve igangsetjingsløyve for sprengingsarbeid ved eksisterande felles avløpsanlegg for hyttefelt, så må dette avløpet vere sikra med godkjent ny løysing.

7 Konsekvensutgreiing

7.1 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

7.1.1 Vurdering etter §6 i forskrifta

§6 i forskrifta omtalar planar/tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram/melding. §6 b) omhandlar reguleringsplanar for tiltak i vedlegg I.

Punkt 24 i vedlegg I. er aktuell i denne samanhengen, og omhandlar næringsbygg med bruksareal (BRA) meir enn 15 000m². Planlagt bygning har eit areal på ca 3 100m² BYA, og skal romme tankar for settefiskanlegget. Frå før står det to bygningar, ein på to og ein på tre etasjar med til saman rundt 3 600m² BYA.

I følgje TEK17 §5-4 punkt 2 c) skal BRA for bygningar med etasjehøgde over 3m reknast for kvar tredje meter. Dette gjeld dersom ikkje anna er fastsett i føresegnene til arealplan.

Det er planlagt for å føre opp eit bygg delvis innanfor areal avsett til akvakulturanlegg (næring) i gjeldande reguleringsplan, i tillegg til at det vert eit behov for utviding av føremålet med ca 3 620 m². Høgda vil vere inntil 12m over planert areal på kote +3.0 – +5.0, altså 4 måleverdige plan. Dette gir BRA på 12 400m² for den nye bygningen, og tiltaket kjem ikkje under vedlegg I. Inne i bygningen skal det vere eit settefiskanlegg som stort sett berre er tankar og teknisk anlegg. Seinare tradisjon for utbygging av slike anlegg er å samle desse i bygningshallar. På den måten slepp ein eit fleirtal tankar med tilhøyrande teknisk anlegg utandørs (slik ein i dag ser på det aktuelle området). Ved å bygge på denne måten, så kan ein bygge med nyare tekniske løysingar med resirkulering av vatn. Dette gir mellom anna gevinst i form av at fisken kan haldast lengre på land, ein får meir fiskemasse ut av forbrukt vatn og ein oppnår høgare kontroll og mindre lakselus.

Vi vurderer det slik at planlagt tiltak ikkje er av eit omfang som løyser ut krav om konsekvensutgreiing etter §6.

7.1.2 Vurdering etter §8 i forskrifta

§8 i forskrifta omtalar planar/tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. §8 b) omhandlar tiltak i vedlegg II.

Tabell 1 Relevante kriteria for vurdering ved utviding av næringsområdet.

	Planar og tiltak	Kommentar
1.	JORDBRUK, SKOGBRUK OG AKVAKULTUR	
f)	Akvakultur	Akvakulturanlegg på land
11.	ANDRE PROSJEKTER	
j)	Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.	Næringsbygg skjer som ei utviding av eksisterande settefiskanlegg, delvis innanfor regulert næringsføremål
13.	UTVIDING ELLER ENDRINGAR	

	Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkninger.	Tiltaket er vurdert å ikke vere omfatta av størrelseskriteriene i vedlegg I slik dette er vurdert over.
--	--	---

7.1.3 Vurdering etter §10 i forskrifta

For å vurdere om planlagde tiltak etter vedlegg II. kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal dei vurderast etter kriteria i §10.

Tabell 2 Vurdering knytt til om planlagde tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Egenskapar ved planen/tiltaket	
a. størrelse, planområde og utforming Utviding av næringsområdet på Vågafossen vil føre til ei endring av areala mellom etablert næring og areal avsett til friluftsføremål og køyreveg mot aust. Endring til næringsføremål er ca. 4.4 daa i høve dagens bruk, dvs. ei auke på ca 25% til akvakulturføremål.	
b. bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser Det landbaserte settefiskanlegget sirkulerer vatn inn i tankane, og ut i sjøen att. Sjå punkt c) Nedsprenge massar i samband med utbygginga kan nyttast til utviding av landbruksjord på eigedommen lenger oppe. Det er ikkje registrert biologisk mangfald eller artar av nasjonal forvaltingsinteresse på land i området. Sjøareala ligg som del av ein større og svært viktig naturtype - tareskog. Gyteområde for torsk er også overlappende på arealet utanfor tiltaksområdet, men det skal ikkje gjerast endringar i reguleringsplanen ut i sjø.	
c. avfallsproduksjon og utslipp Det ligg føre naudsynt og lovleg teknisk anlegg med utsleppsleidningar og sjøvassinntak i sjø, etablert i samsvar med dagens settefiskanlegg/produksjon. Det er av offentlege instansar i samband med søknader om løyve og konsesjon ikkje påpeika sårbare område eller anna som vil avgrensa ein utvida konsesjon i framtida. Utvidinga fører til endring av drifta og dette vert søkt om til aktuelle mynde uavhengig av planprosessen.	
d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer. Det er ikkje noko som tilseier fare for alvorlege ulukker og/eller katastrofar som følgje av settefiskanlegget.	
Kan planen/tiltaket medføre eller kome i konflikt med	Ja/nei
a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven	nei
b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv	nei
c. statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	delvis*
d. større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	nei**
e. økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	nei
f. konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	nei
g. vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	nei
h. risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.	nei

*Tiltaket vil liggje i 100m-beltet.

** Omdisponeringa av friluftsføremål er berre eit mindre areal, som ikkje er eigna til utøving av friluftsliv slik det ligg, med høge fjellskjeringar og nærleik til næringsverksemda.

I vurderinga skal det i tillegg visast til verknadane sin intensitet, kompleksitet, sannsyn for at desse inntreff (og kva tid). Varigheit, hyppigheit og mogelegheit for å reversere/avgrense dei. Planlagd tiltak er ikkje vurdert å vere av særleg komplisert art, og gjeld i eit område der slik drift allereie skjer, og der bedrifta har god og brei erfaring med liknande anlegg frå fleire lokalitetar i landet. Området har i lang tid vorte nytta til næringsdrift.

Dei samla verknadene er stort sett knytt til grad av terrenginngrep. Samstundes er slikt inngrep tilsvarande for nyleg etablert anlegg, og soleis er det snakk om ei vidareføring. Nærleiken til sjø er naudsynt for næringsdrifta – også tradisjonelt.

Det vert på bakgrunn av vurderingane over vurdert at planen ikkje er konsekvensutgreiingspliktig etter vedlegg II.

8 ROS analyse

Det er gjennomført ROS-analyse i samband med planarbeidet, og på bakgrunn av denne er det sett krav i plankart og føresegner. Her syner eit samandrag av tiltak som er innarbeidd i plankart og føresegner:

Forslag til tiltak og mogeleg oppfølging		
Uønskt hending Korleis leggje til rette for tilstrekkeleg tryggleik		Oppfølging gjennom planverktøy og gjennomføring
1	Ras/skred - Steinsprang	Informasjon til arbeidadarar som skal opparbeide ny veg/kryss om å vise merksemd ved verskifte og store nedbørsmengder.
2,7	Geoteknikk og terrengformasjonar	Sette krav til sikringsgjerdar i føresegner. Ta prøvar av vassbrønner før og etter sprengingsarbeid. Fagområdet geoteknikk må vere med i detaljprosjekteringa. Ha fokus på tryggleik under anleggsperiode, ha gode rutinar for varsling ved sprenging.
3	Flaum	Sette krav i føresegner til opne vassveggar ved omlegging av veg, berre tillate at bekkar vert lagt i røyr ved kryssing av veg. Krav til at stikkrenner/kulvertar tek høgde for klimaendringar.
4	Ekstrem nedbør	Føresegner som sikrar tekniske løysningar og detaljprosjektering av handtering av overvatn. Vidareføre føresegn om minimum golvhøgde på kote 4 meter. Sette krav i føresegn om at nye kaianlegg må dimensjonerast for å tole bølgepåverknad.
8	Trafikkulukker	Utforming av kryss til fylkesveg i tråd med gjeldande krav må inn som rekkefølgekrav i føresegnene og innarbeidast på plankart.

12	Transport av/ulukke med farleg gods	Risiko for slik trafikkulukke er vurdert å vere låg, særskilde tiltak knytt til ei slik hending er ikkje naudsynt, utover krav til utforming av infrastruktur som over.
13	Brann og eksplosjon	Tilstrekkeleg avstand mellom bygg for å hindre spreining eller krav til brannmotstand i vegger, og elles krav til branntryggleik i samsvar med TEK17.
15	Støy til omgjevnadane	Ha varslingsrutinar til naboar ved sprengingsarbeid i anleggsfasen. Sikre generelle driftsrutinar for å hindre støyforureining til omgjevnadane.

Analysen syner at endringa av reguleringsplanen kan gjennomførast med akseptabel risiko når tiltaka i tabellen over er innarbeidd i planforslaget. Det er vidare ein føresetnad at nye tiltak vert detaljprosjekttert med omsyn til lokale tilhøve og at krav i byggt teknisk forskrift og anna relevant lovverk vert følgt.

9 Verknadar / konsekvensar av planforslaget

Endringa av reguleringsplanen vil gå ut over areal avsett i gjeldande reguleringsplan som friluftsområde i samband med hyttefeltet. I samband med kommuneplanarbeidet, er det sendt inn innspel til utviding av akvakulturområdet, men kommuneplanarbeidet er ikkje kome så langt i prosessen at dette innspelet er vurdert.

Vi har difor gjennom planarbeidet sett nærare på kva konsekvensar utvidinga har mellom anna på naturmangfald og bruken av området som friluftsområde.

Det har vore gjennomført synfaring på staden både med tanke på naturmangfald, og med tanke på bruken av område som friluftsområde. Det har også vore gjennomført møte med hyttenaboar for å kartlegge nærare bruken av område som friluftsområde. Gjennom desse registreringane på plassen og tilbakemeldingane, så er det kartlagt at områda er lite nytta som friluftsområde, men at Mowi sin eksisterande veg i aust er nytta som tilkomstområde til sjøområda. Ut frå dette har vi som skildra over, kartlagt om det er mogleg å lage ny sti for å kome til områda ved sjøen, og mogleg ny trasé er vist i figur i pkt. 5.7. For å betre tilkomsten vil det vere naudsynt med rydding av kratt, og gjerne flytting av nokre steinar. Det vil vere enkelt å tilrettelegge ein enkel ny sti med små inngrep.





Foto som syner områda avsett til friluftsføremål i gjeldande plan, og som nå er føreslått til utviding av akvakulturanlegget.
Kjelde: Omega 365 Areal AS

Områda fungerer elles som ein buffer mellom akvakulturanlegget og hyttefeltet. Det vil framleis vere avsett eit belte med friluftsføremål mellom hyttetomtene og settefiskanlegget, men dette området vert smalare enn før.

Når det gjeld landskap, så kan me ikkje sjå at utvidinga av anlegget vesentleg endrar området sin karakter, då området allereie er utbygd med store skjeringar og større produksjonsbygningar.

For drifta av næringsverksemda, så vil det vere ein stor fordel å kunne utvide området, og få all produksjon inn i nye produksjonsbygningar. Vågafossen settefiskanlegg har vore drive godt i fleire år, og dei nyaste bygningane har medført at anlegget har nyaste teknologi og er eit av dei beste produksjonsanlegga for settefisk. Anlegget er ei viktig inntektskjelde til kommunen, gjennom mellom anna lokale arbeidsplassar og lokale leverandørar av varer og tenester.

Ut frå avveging av verknader, så meiner vi området for akvakulturanlegg bør kunne utvidast som endringa i planforslaget legg opp til.

10 Innkomne merknadar

10.1 Samandrag frå innkomne merknader med våre kommentarar

1. Hyttebø hytteforeining v/Sigve Medhaug 08.06.2022

Ber om at framtidige møter vert lagt til tidspunkt når fleire er på hyttene og har høve til å møte.

Opptatt av fortsatt tilkomst til fiskeplass, og at avløpsanlegg vert ivareteke.

Ber om at det vert teke prøvar av drikkevatt før og etter sprengingsarbeid, då det er mistanke om endring ved førre sprenging.

Ønsker at det skal takast omsyn til støy ved opparbeiding av anlegget og at det skal framgå korleis støy vert etter utbygging i forhold til dagens situasjon. Positivt at det har blitt mindre støy etter sist utbygging.

Våre kommentarar:

Mowi vil forsøke å legge framtidige møter til andre tider/tidspunkt. Det er sett krav i føresegnene til at avløpsanlegget må erstattast med nytt eigna anlegg ved inngrep i området der dette i dag ligg.

Det kan ryddast sti ned til sjø. Det er gått opp tråkk for å sikre at det er mogleg å komme seg ned til sjø frå hyttefeltet etter utbygging. Området der det er mogleg å ta seg fram ligg i friluftsområde regulert for hyttefeltet.

Det vil takast prøvar av drikkevatt før og etter utbygging, dette kan sikrast gjennom avtalar. Støy er omtala i ROS-analyse og planskildringa.

2. Mattilsynet 22.06.2022

Ingen spesielle innspel, då planen er i tråd med godkjenning som er gitt.

3. Kystverket 23.06.2022

Antar at utvidinga vil føra til noko meir ferdsel på fjorden. Kystverket har ikkje merknader til planarbeidet, men vil at det skal takast med i føresegnene at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine føresegner, må godkjennast av hamnemynde. Ønskjer sjølve planforslaget til uttale.

Våre kommentarar:

Krav ligg allereie i eksisterande føresegner som vert vidareført. Noko meir trafikk på sjø må påreknast, då det vil gå meir fisk ut av anlegget, og det vil gå med meir fôr til oppforing.

4. NVE 24.06.2022

Det må avklarast at tiltak kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik, og om naturfare ikkje blei avklart i eksisterande planar, så må dette greiast ut nå.

Planen må ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Utviding av akvakulturanlegget og massedeponi må ikkje blokkera tilrenning av overvatn frå høgareliggande areal og føresegner bør sikra dette. Flaumvegar for overvatn bør synleggjerast i plankartet.

Det må vurderast skred i bratt terreng.

Områdestabilitet må vurderast i samband med utbygging av kai. Skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar.

Oppfordrar til å finne ei løysing med bruk av massar lokalt.

Det går ein bekk frå Kråkedalstjørna gjennom planområdet, og NVE rår frå lukking av bekkar. NVE oppfordrar til at planen er tydeleg på kva inngrep i vassdrag som skal gjennomførast, og at almenne interesser i vassdrag kjem fram. Det oppmodast vidare til at planen legg til rette for eit vegetasjonsbelte langs vassdrag.

Om planen legg opp til ei utviding av vassuttaket i konsesjonen gitt av NVE, så skal dette avklarast med NVE før offentleg ettersyn av planen.

NVE ønskjer planforslaget med tilhøyrande utgreiingar til uttale.

Våre kommentarar:

Naturpåkjenningar er vurderte gjennom ROS-analysar, og det er sett krav i plankart og føresegnar etter konklusjonar frå analysane. Det er sett krav til at bekkar ikkje skal lukkast meir enn naudsynt ved kryssing av vegar.

Vassuttaket skal ikkje endrast, då det nye anlegget som er eit resirkuleringsanlegg nyttar mindre vatn enn det gamle anlegget.

5. Rogaland Fylkeskommune 24.06.2022

I områder langs sjø bør det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser. Lokalisering og utviding av slike anlegg bør vurderast gjennom kommuneplanprosessen, då ligg det betre til rette for å undersøkje alternative lokasjonar og å vurdere samla belastning på eit område.

Konsekvensar for friluftsliv må vurderast nøye når ein vurderer å omregulere areal frå friluftsføremål. Påverknad på tilgangen til strandsona må vurderast ved bortfall av tilkomstveg i aust.

Fylkesrådmannen tilrår at det blir stilt krav i forhold til landskapspåverknad.

Det er forventningar til at oppdatert informasjon om tilstanden til vassførekomsten vert lagt til grunn for vidare planlegging. Påverknad på registrerte førekomstar av tareskog og gytefelt for torsk i fjorden må vurderast i planarbeidet.

Ein kan ikkje pårekne å få løyve til lukking av bekken ved utfylling i området ved nytt kryss. Det kan vere aktuelt å vurdere ei løysing der bekkefaret vert flytta noko for å få til ei utbetring av avkøyrsla, men der hovudstrengen i bekken blir liggjande open med naturleg kantsone. Det bør undersøkast om det er viktige naturverdiar i området der det ev. vert vurdert terrengheving.

Det må gjerast ei trafikkvurdering i samband med detaljreguleringa som seier noko om trafikksituasjonen i området, og kva konsekvensar planforslaget får for det offentlege vegnettet. Krysset til fylkesvegen må inngå i reguleringsplanen og utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming. Gjennomføring av kryssløysing må sikrast gjennom føresegnene. Langs fylkesvegen må det regulerast inn eit areal til annan veggrunn med minimum 3 meter breidde.

Våre kommentarar:

Det er nyleg gitt løyve til oppdatering av anlegget ved Vågafossen, og det vil då vere vanskeleg å flytte på dette anlegget nå. Eksisterande plan opnar for utviding og kaianlegget, men for å få eit mest mogleg effektivt anlegg, så ønskjer ein å utvide området noko nå ved neste byggetrinn.

Området er synfart og hyttefolk er kontakta i forhold til nytting av området som friluftsområde.

Basert på dette og vurderingar har me kome fram til at området ikkje har høg verdi som friluftsområde. Veggen ned til området i aust er bygd av akvakulturanlegget, og hytteeigarane ville

helst ikkje ha denne vegen då den vart bygd. Det er sjekka at det er mogleg å kome til strandsona ved å gå på austsida av den næraste hytta. Denne ruta er kartlagt.

Fjellskjeringar vil i stor grad ligge bakanfor nye bygningar, og vert på denne måten skjerma. Nye bygningar bør ikkje bryte vesentleg med dei nye som er oppført på staden for å få ein ro til området. Det vil vere umogleg å plante til ei fjellskjering som er naudsynt i dette tilfelle.

Det vil bli ein del massar ved denne utvidinga, då ein må gå inn i fjellpartiet i bakkant. Det er stipulert med at det vil takast ut ca. 48.000m³. Desse massane er tenkt nytta lokalt for å utbetre kryss til fylkesvegen. Bekken i området må då leggast om, og det er sett krav til at denne berre kan lukkast under veg, og at resten av bekken må ligge open.

Trafikksituasjonen er vurdert til at det vil bli veldig lite endring i trafikkbiletet, men det er likevel i planen sett krav til utbetring av krysset i samsvar med uttale. Dette er innarbeidd i både plankart og føreseigner.

Når det gjeld påverknad på tareskog og gyteområde i fjorden, så er dette nærare skildra i punkt.

6.11 over. Rådgivende Biologer AS har fått utført modellering i samband med vurdering av tilstand til vassførekomsten og påverknad frå meirutslepp, dette kjem fram av eigne rapportar, og er samanfatta i punkt 6.11.

6. Statsforvalter i Rogaland 24.06.2022

Legg til grunn at planen vert utarbeidd i tråd med regionale og nasjonale føringar, og ber kommunen ta kontakt om dei har spørsmål eller spesifikke problemstillingar dei vil drøfte.

Våre kommentarar:

Synd at det ikkje kjem inn uttale tidleg i prosessen, om dei ser at det er spesielle omsyn som må takast.

11 Avsluttande kommentar

Planforslaget legg opp til ei endring og utviding av gjeldande reguleringsplan for Vågafossen settefiskanlegg. Ny plan vil då gjelde for området, då den nye planen inneheld heile det eksisterande området i tillegg til det utvida området. Det er sett krav i føresegnene i samband med utbygging innanfor områda.

12 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskiltringa.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart, heile område	21.12.2022	
Detaljkart ved kryssområde og akvakulturområde	21.12.2022	
Lengdeprofil ny vegtrase	21.12.2022	
Føresegner	21.12.2022	
ROS- analyse inkl. skjema	21.12.2022	
Notat Naturkartlegging, Rådgivende Biologer AS	10.11.2022	

Andre vedlegg

Oppstartvarsling
Referat frå informasjonsmøte
Innkomne merknader
SOSI- eksport og loggfil